utvalget tillegges betydningen av arbeidsmiljøet stor vekt. Ved hjelp av data fra en egen spørreundersøkelse i et utvalg av 331 NHO-bedrifter har vi beregnet enkle korrelasjoner mellom 12 arbeidsmiljøfaktorer og det gjennomsnittlige nivået på fravær med lengre varighet enn 3 dager i perioden 1990-96 i de samme bedriftene.<sup>9</sup> Vi skiller mellom kvinner og menn, og mellom arbeidere og funksjonærer. Resultatene er gjengitt i Tabell 1. Symbolet «+» i tabellen angir at det er en signifikant (5% nivå) sammenheng slik at jo dårligere arbeidsmiljøet er, jo høyere er gjennomsnittlig fravær. Symbolet «-» betyr en signifikant motsatt korrelasjon.

Tabell 1 viser at det for arbeidere og mannlige funksjonærer er en klar sammenheng mellom arbeidsmiljø og sykefravær som samsvarer med det vi forventer.<sup>10</sup> For kvinnelige funksjonærer er det stort sett ingen signifikante korrelasjoner, og de tre som er signifikante er motsatt av det vi forventer.<sup>11</sup> Resultatene i tabellen gir derfor holdpunkter for å hevde at arbeidsmiljøet har betydning for sykefraværet.

### Utvalgets forslag

Kort kan utvalgets forslag sammenfattes til å være ansvarliggjøring av ar-

beidsgivere og arbeidstakere gjennom tiltak innen den enkelte bedrift i samarbeid med lokale trykdemyndigheter og helsevesenet, og generelle økonomiske virkemidler.

Den bedriftsrettede ansvarliggjøringen har som siktemål at det raskere enn nå iverksettes forbedringer i arbeidsmiljøet (bredt definert), både for at enkeltarbeidstakere som er plaget med sykdom lettere kan fungere i arbeid og for generelt å forebygge sykefravær. Konkret foreslår utvalget tiltak overfor sykmeldte i en modell med fire spesifiserte faser: 1-16 dager, 16 dager-8 uker, 8 uker-6 måneder og 6-12 måneder.

<sup>8</sup> I en forholdsvis ny analyse (Dyrstad og Ose, 2000) finner vi ved hjelp av ikke-lineær modellering at det er fravær utover 3 dager som i sterk grad påvirkes av endringer i ledigheten, og at resultatene innenfor vår modell må forklares som disiplineringsmekanismer. Med støtte i tidligere forskning påpeker utvalget at det først og fremst er for korttidsfraværet en venter å finne disiplineringseffekter.

<sup>9</sup> Dette er foreløpige resultater fra forskningsprosjektet "Sykefravær, arbeidsmiljø og økonomisk motivering" ved Institutt for samfunnsøkonomi, NTNU.

<sup>10</sup> Korrelasjonen mellom miljøfaktor 10 og fravær blant kvinnelige arbeidere er imidlertid motsatt av det vi forventer. Se ellers neste fotnote.

<sup>11</sup> Vi understreker at dette er enkle korrelasjoner, og at det derfor ikke er kontrollert for andre faktorer samtidig.

**Tabell 1: Korrelasjon mellom sykefravær og arbeidsmiljøfaktorer**

	Fravær mannlige funksjonærer	Fravær kvinnelige funksjonærer	Fravær mannlige arbeidere	Fravær kvinnelige arbeidere
1. Standard på personalrom	+			+
2. Standard på ventilasjonssystem	+			+
3. Standard på belysning i arbeidslokalene	+			
4. Standard på verneutstyr	+			
5. Nivå på orden og rengjøring	+	-		
6. Grad av ensidig arbeid	+		+	+
7. Grad av tunge/hyppige løft	+		+	+
8. Grad av uheldige arbeidsstillinger	+	-	+	+
9. Grad av ulykker/nesten ulykker	+		+	+
10. Grad av bruk av kjemikalier/gasser/løsemidler	+	-		-
11. Støynivået i arbeidslokalene	+		+	+
12. Støynivået i arbeidslokalene				

Ett sentralt element i denne modellen er forslaget om *utvidet egenmelding* på inntil 8 dager i første fase, begrenset inntil 24 dager i løpet av 12 måneder. Denne nye egenmeldingen skal omfatte beskrivelse av årsaken til fraværet, behovet for spesiell tilrettelegging av arbeidet og når arbeidstakeren forventer å være tilbake på arbeid. Et hovedpoeng med denne egenmeldingen er at den skal stimulere til dialog mellom arbeidstaker og arbeidsgiver.

Et annet element i denne modellen er at det skal gjennomføres en *funksjonsvurdering* i fase 2. Det sentrale her er at fokus skal flyttes fra *sykdomsvurdering* til *funksjonsvurdering*. Hovedspørsmålet skal være hva slags arbeidsoppgaver den sykmeldte er i stand til å utføre. Blant annet skal alltid aktiv sykmelding vurderes. Videre er arbeidsgiver med bakgrunn i funksjonsvurderingen forpliktet til å sende en konkret *oppfølgingsplan* senest 8 uker etter at fraværet begynte. Denne oppfølgingsplanen skal ligge til grunn for trygdekontorets såkalte 12-ukers vedtak.<sup>12</sup> Et annet konkret tiltak er at hver enkelt bedrift skal ha én kontaktperson ved det lokale trygdekontor. Ordningen med sykmelding II (utvidet legeerklæring) skal opprettholdes. Videre foreslår utvalget at trygdekontoret skal ha en mer aktiv og løpende oppfølgingsrolle enn i dag, at det skal tilby arbeidsgivere bistand i enkelt saker og mer generelt gi råd om bedriftsintern attføring.

Når det gjelder økonomiske virkemidler, diskuterer utvalget innføring av karensgdag(er), utvidet arbeidsgiveransvar og redusert dekningsgrad. Med bakgrunn i en forholdsvis kortfattet diskusjon konkluderer utvalget med at det ikke vil anbefale innføring av karensgdag(er), til tross for henvisninger til erfaringer og forskningsresultater fra Sverige, Danmark og Norge som tyder på at karensgdager bidrar til redusert fravær. Begrunnelsen er eksplisitt at innføring av karensgdager vil ramme personer med kroniske lidelser som har behov for hyppige og korte fravær. I tillegg påpeker utvalget at karensgdager vil kunne skape ulikheter mellom arbeidstakere fordi det kan inngås bedriftsvise avtaler om full lønnskompensasjon. En mer implisitt begrunnelse er at utvalget gjennomgående

fokuserer på langtidsfraværet, fordi det er dette fraværet som utgjør hovedtyngden av det samlede sykefraværet. Siden det er rimelig å anta at det først og fremst er korttidsfraværet som påvirkes av karensgdager, vil ikke innføring av karensgdager ha noen effekt på langtidsfraværet.<sup>13</sup>

Det økonomiske virkemiddelet et flertall i utvalget<sup>14</sup> foreslår, er å redusere sykepengene med 20% de første 16 dagene av en fraværperiode (arbeidsgiverperioden) og at arbeidsgiverne betaler 20% av sykepengene fra og med 17. fraværsgdag og ut sykmeldingsperioden, som maksimalt kan være 52 uker. Som kompensasjon foreslås arbeidstakerpremien til Folketrygden redusert med 0,5 prosentpoeng. I dagens ordning er det full lønnskompensasjon for inntekter inntil seks ganger grunnbeløpet i Folketrygden (6G). Siktemålet med forslaget er å redusere langtidsfraværet. Fordi det lange sykefraværet gjennom denne ordningen gir arbeidsgiverne større kostnader enn dagens ordning, hvor Folketrygden helt og fullt betaler sykepenger fra og med 17. fraværsgdag, antas det at dette vil stimulere arbeidsgiverne til å iverksette arbeidsmiljøtiltak slik at langtidsfraværet går ned. For kronisk syke arbeidstakere med hyppige fravær foreslås en skjermingsordning ved at egenandelen begrenses til i alt 12 arbeidsdager pr. kalenderår. Gjeldende skjermingsordninger for arbeidsgivere som har ansatt arbeidstakere med langvarig sykdom, eller kronisk sykdom som medfører risiko for særlig stort fravær, foreslås utvidet til også å omfatte den perioden arbeidsgiver har delansvar for sykepengene. I tillegg foreslås forsikringsordningen for små bedrifter betydelig utvidet.<sup>15</sup>

I et forholdsvis enkelt regnestykke argumenteres det for at endringene er kostnadsnøytrale for arbeidstakerne og arbeidsgiverne som helhet, og at atferdsvirkningene av tiltaket vil trekke i retning av redusert fravær og dermed representere gevinster for alle parter.

### Vurderinger

Med mulig unntak av den utvidede egenmeldingen er det etter det vi kan se ikke noe i dagens regelverk som hindrer at de bedriftsrettede tiltakene kan

iverksettes umiddelbart. I løpet av det siste 10-året er det også blitt iverksatt en del tiltak etter de linjer som skisseres. Hovedgevinsten med utvalgets forslag er, etter vår oppfatning, dreiningen i fokus fra sykdomsvurdering til funksjonsvurdering. Utvalgets forslag innebærer dessuten en opprydding i ansvarsforhold og samordning mellom flere offentlige instanser. Dette er positivt.

I dag har arbeidstakere adgang til fire egenmeldinger med inntil tre dagers varighet pr. 12 måneder. Utvalgets forslag representerer derfor en utvidelse av adgangen til egenmelding. Vi er enige med utvalget i at utvidelsen neppe i seg selv vil bidra til økt fravær, begrunnet med positive resultater av forsøk med utvidet egenmelding. I tillegg viser analyser av effektene på fraværet da egenmeldingsordningen ble innført i 1978, og da den ble redusert i 1984, at fraværet på lang sikt ikke ble påvirket av denne ordningen.<sup>16</sup>

Gjennom den foreslåtte informasjonsutvidelsen i egenmeldingen, funksjonsvurdering og oppfølgingsplaner vil bedriftene få flere opplysninger om den sykmeldte og vil dermed bli bedre i stand til å iverksette riktige tiltak. En mulig fare er at bedriftene får informasjon som gjør det lettere for dem å skille ut personer med høy sannsynlighet for fravær, og at denne informasjonen brukes i situasjoner med nedbemanning, omorganisering, stillingsopprykk m.m. Motargumentet er at bedriftene også i dag kan vurdere individuelt fraværnivå, og bruke denne informasjonen i andre sammenhenger. I tillegg til økte muligheter for å finne løsninger for ansatte med helseplager, vil trolig den foreslåtte ordningen også kunne skape større åpenhet og bedre tillitsforholdet mellom arbeidsgiver og arbeidstaker. Vi tror derfor at samlet sett vil de foreslåtte tiltakene bidra til å redusere det fraværet som skyldes forhold på arbeidsplassen.

<sup>12</sup> Dette er et særskilt skriftlig vedtak hvor trygdekontoret tar stilling til fortsatt rett til sykepengene.

<sup>13</sup> Dyrstad (1999) finner også empirisk belegg for denne argumentasjonen.

<sup>14</sup> Et mindretall på åtte går nærmest på prinsipielt grunnlag mot dette forslaget.

<sup>15</sup> Små bedrifter kan forsikre seg mot utgifter i arbeidsgiverperioden.

<sup>16</sup> Se Dyrstad (1999).

Funksjonsvurderinger og oppfølgingsplaner vil utvilsomt stille større krav til bedriftene, og dermed isolert sett bidra til økte kostnader. Det vil eksempelvis kreves ressurser for å vurdere hvilke jobber/oppgaver en sykmeldt med et visst funksjonsnivå kan ha. Dessuten vil det kreves større fleksibilitet og trolig større kostnader til opplæring og hjelpemidler, samtidig som de ulike arbeidsoppgavene i bedriften må dokumenteres og beskrives for at bedriftshelsetjenesten<sup>17</sup> skal kunne vurdere mulige oppgaver for sykmeldte.<sup>18</sup> I tillegg kommer økte kostnader for trykdeetaten som foreslås å få økt kompetanse til rådgiving og oppfølging. Disse kostnadene kan være vanskelig å anslå, og dette er kanskje grunnen til at utvalget ikke går inn på dem.

De ekstra kostnadene må veies mot mulige gevinster ved de bedriftsrettede tiltakene, som altså involverer både bedriftsledelse, trykdekontor og helse-tjeneste. Utvalget påpeker selv at de betydelige ressursene brukt på forsøksvirksomhet på bedriftsnivå på 1990-tallet «for å forebygge sykefravær, bedre arbeidsmiljøet og finne fram til gode behandlings- og attføringstiltak» ikke har gitt dokumenterte effekter (s. 108). På denne bakgrunn savner vi en diskusjon av eksempelvis forslag om sanksjonsmuligheter overfor bedrifter som ikke følger opp med tiltak for arbeidstakere med helseproblemer.

I forhold til en målsetting om redusert sykefravær kombinert med målsettingen om tilnærmet full sysselsetting, vil det være kostnader som samfunnet må være villig til å betale. I dette perspektivet bidrar også funksjonsfokus framfor sykdomsfokus til at arbeidstakere med helseproblemer i større grad beholder kontakten med bedriften og ikke faller ut av den sosiale tilhørigheten som er nødvendig for å forbli i arbeidsmarkedet. I tillegg vil trolig disse bedriftsrettede tiltakene føre til at sykmeldte blir mer bevisst sin egen situasjon. Det vil bidra til at de selv i større grad vil foreslå arbeidsoppgaver som fortsatt kan utføres, eventuelt foreslå helt nye oppgaver som i tillegg gir økt kunnskapsnivå og dermed bedre kvalifisert arbeidskraft. Slike mulige effekter vil bidra til å redusere de samlede kostnadene ved tiltakene, for alternativet for bedriftene vil ofte være å er-

statte fraværsdager med vikarer, som også trenger opplæring.

Kostnadene knyttet til de bedriftsrettede tiltakene kommer i tillegg til kostnadene knyttet til de direkte økonomiske virkemidlene. I sum kan dette føre til at bedriftene blir mer forsiktig med å ansette arbeidskraft uten å være sikker på at forventet fravær hos dem som ansettes er lavt. Med andre ord kan tiltakene utvalget foreslår bidra til å forsterke seleksjonseffektene. På den annen side vil sterkere synliggjøring av fraværskostnadene ved at arbeidsgiverne skal betale 20% av sykepengene fra og med 17. fraværskostnad, kunne gi arbeidsgiverne incentiver til å forbedre arbeidsmiljøet og arbeidsprosessene.

Vi har mer enn antydning at Sandman-utvalget har hatt en meget krevende utfordring, nemlig å foreslå tiltak for å redusere sykefraværet *samtidig* som høy sysselsetting (lav ledighet) skal opprettholdes. Gitt dette utgangspunktet, tror vi ikke utvalget kunne svart med noe annet enn bedriftsrettede tiltak i kombinasjon med generelle økonomiske virkemidler. Etter vår vurdering har derfor utvalget gjort en bra jobb. Iverksetting av utvalgets forslag kan derfor bety at sykefraværet vil skifte til et lavere nivå, og kanskje blir noe av kjønnsforskjellene redusert. Men de inverse fraværssvingningene relativt til arbeidsledigheten vil bestå. ■

### Referanser

- Dyrstad, J.M. (1999): «Sick pay scheme changes and sickness absenteeism: Empirical evidence from Norway», notat, Institutt for samfunnsøkonomi, NTNU, Trondheim.
- Dyrstad, J.M. og S.O. Ose (2000): «Non-linear unemployment effects in sick absence», notat, Institutt for samfunnsøkonomi, NTNU, Trondheim.

<sup>17</sup> Utvalget foreslår at i bedrifter uten etablert bedriftshelsetjeneste, må behandlende lege eller andre deler av helsetjenesten kunne foreta en vurdering av den sykmeldtes funksjon.

<sup>18</sup> Bedriftshelsetjenesten har imidlertid ofte gode kunnskaper om bedriftsinterne forhold og dermed gode muligheter til å finne bedre arbeidsoppgaver for sykmeldte.

## Veiledning for bidragsyttere

1. Økonomisk forum trykker artikler om aktuelle økonomifaglige emner, både av teoretisk og empirisk art. Temaet bør være av interesse for en bred leserkrets. Bidrag må ha en fremstillingsform som gjør innholdet tilgjengelig for økonomer uten spesialkompetanse på feltet.
2. Manuskripter deles inn i kategoriene artikkel, aktuell kommentar, debatt og bokanmeldelse. Bidrag i førstnevnte kategori sendes normalt til en ekstern fagkonsulent, i tillegg til vanlig redaksjonell behandling.
3. Manuskriptet sendes i to eksemplarer til Samfunnsøkonomenes Forening, se adresser på tredje omslagsside. Det oppfordres til innsending av elektroniske manuskripter (fortrinnsvis i Word). Bidrag bør normalt ikke være lengre enn ca. 20 A4-sider, dobbel linjeavstand, 12 pkt. skrift. Debattinnlegg og bokanmeldelser bør normalt ikke være lengre enn 8 sider (samme format).
4. Artikler og aktuelle kommentarer skal ha en ingress på max. 100 ord. Inngressen bør oppsummere artikkelens problemstilling og hovedkonklusjon.
5. Matematiske formler bør brukes i minst mulig grad. Unngå store, detaljerte tabeller.
6. Referanser skal ha samme form som i Norsk Økonomisk Tidsskrift (kopi av NØTs veiledning kan fåes hos SFs sekretariat).



«Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning» er en stiftelse opprettet av Universitetet i Oslo for å drive anvendt samfunnsøkonomisk forskning i samarbeid med fagmiljøene ved Universitetet i Oslo, særlig Økonomisk institutt.

***Vi har nå stor tilgang på prosjekter og ønsker derfor å tilsette***

## **Nye forskere/seniorforskere ved Frischsenteret**

Prosjektporteføljen dekker en rekke områder, med tyngdepunkt innen utdanning, trygd og arbeidsmarked, miljø og energi, helse og offentlig økonomi. Prosjektene utføres for Norges forskningsråd, internasjonale organisasjoner og norske myndigheter. Vi har utstrakt samarbeid både med norske og utenlandske forskningsmiljøer, og har Økonomisk institutt ved Universitetet i Oslo som basismiljø. Vi holder til i Forskningsparken på Blindern. Ved Frischsenteret arbeider for tiden 6 forskere, 6 stipendiater og 17 vitenskapelig rådgivere.

De som ansattes vil samarbeide både med andre forskere ved Frischsenteret, med ansatte ved Økonomisk institutt og med forskere andre steder, ha ansvar for veiledning av stipendiater og assistenter, og delta i initiering og gjennomføring av nye prosjekter.

Forskerstillingene er ikke knyttet til spesielle felt, og forskerne har stor frihet til å initiere forskning på felt de er interessert i. Vi legger vekt på samarbeid og konsentrasjon ved at flere arbeider på samme felt og ved at prosjekter går over lengre tid. Vi legger vekt på å skaffe utfordrende prosjekter og gi mulighet for faglig oppdatering.

Kompetansekravet for tilsetning som forsker er nivåmessig som for førsteamanuensis. For tilsetning som seniorforsker kreves kompetanse tilsvarende professor. Kvalifikasjoner som anses som særlig verdifulle for Frischsenteret kan i vurderingen av kompetansenivået til en viss grad erstatte akademiske kvalifikasjoner. Ved vurdering av søkerne vil det bli lagt stor vekt på internasjonal publisering. Annen forskningserfaring samt innretning av kompetansen i forhold til Frischsenterets behov vil også være av betydning.

Vi har egen lønns- og opprykksordning, egen pensjonsordning og egen ordning for kompetanseoppbygging. Kompetanseordningen gir blant annet mulighet for utenlandsopphold. Kvinner oppfordres spesielt til å søke. Informasjon om Frischsenteret finnes på våre nettsider [www.frisch.uio.no](http://www.frisch.uio.no).

\* \* \*

**Nærmere opplysninger kan fåes ved henvendelse til  
forskningssjef Erik Hernæs, tlf 22 95 88 21.  
Søknaden må være i  
Frischsenteret, Gaustadalléen 21,  
0349 Oslo, senest 15. februar 2001.**

■ ■ ■ ASBJØRN RØDSETH:

## Bruken av oljeformuen og offentlig sparing

**B**ruken av oljepengar kan ikkje diskuteras isolert frå andre utfordringar som ventar oss så som veksten i utgiftene til pensjonar. Kor mykje staten bør spara, er eit spørsmål om politiske avvegingar mellom ulike interesser og omsyn. Omstillingskostnader som kan dra med seg høg rente og arbeidsløyse tilseier at ein går varsamt fram. Dette er nokre av synspunkta i denne kommentaren som byggjer på eit foredrag ved forskarmøtet i Bø 9. januar i år.

Tittelen eg fekk oppgitt for dette foredraget var «oljemilliardenes tragedie». Kva tragedien går ut på er eg ikkje sikker på. Mange meiner visst det er ein tragedie at vi har så store inntekter, men ikkje kan bruka dei. Mest tragisk er det at dei høge inntektene går saman med stadige nedskjering av offentlege utgifter. Det siste er tøv. Vi har hatt ein stadig vekst i offentlig forbruk, så nedskjeringar må vera motsvar av at det er brukt meir på andre område. Kanskje er tragedien at vi ikkje ser dei fordelane vi har av oljeinntektene. Eller kanskje tragedien er at vi bruker dei

dårleg, at oljepengane har sett oss i ein rus som gjer at vi sløser bort meir enn vi tener? Kanskje tragedien er at heile debatten er så forvirrande, og at vi økonomar ikkje alltid har medverka like konstruktivt?

Eg skal ikkje ta stilling til det vanskelege spørsmålet om kva tragedien er, men snakka om korleis vi kan bruka oljeformuen til vår fordel utan at det blir ein tragedie. Eg skal seia litt om debatten, og om terminologi som kan forvirra. Så blir det litt om det langsiktige perspektivet: kriteria for om finanspolitikken kan oppretthaldast over tid og normer for bruk av oljeformuen. Deretter går eg over til spørsmål knytte til rente, prisstigning og omstillingskostnader.

Korfor kan vi ikkje bruka meir av oljeinntektene? Dette er det spørsmålet eg oftast har fått det siste halvåret. Eg er grundig lei det, for spørsmålet er sjølv-sagt feil. Klart vi kan, spørsmålet er om vi bør. For å vera meir presis er spørsmålet om staten bør spara mindre, eller, med andre ord, om staten bør bruka meir nå og mindre i framtida. Dette er eit politisk prioriteringss spørsmål der standpunktet til fagøkonomar i utgangspunktet ikkje burde ha større interesse enn standpunktet til andre. Det vi kan som fagfolk er å gjera greie for konsekvensane av mindre sparing, og å systematisera argument for og imot.

*Oljeinntekter er ikkje som andre inntekter*

Oljeressursane er ein formue vi har. Når vi sel olje, så flyttar vi ein del av formuen frå havbotnen til ein bankkonto. Det er like liten grunn til å kalla grunnrenta frå olja for inntekt, som det er til å kalla det inntekt når vi flyttar pengar frå ein bankkonto til ein annan. Det er ein slags bokføringsfeil. Same prinsipp som elles i nasjonalrekneskapen skulle tilseia at grunnrenta frå olja ikkje skulle gå inn i nettonasjonalproduktet og i nasjonalinntekta. Tala for sparinga skulle redusera tilsvarende. Vi er ikkje så rike som vi trur, og vi sparer ikkje så mykje som det ser ut for. Det er ikkje dermed sagt at vi sparer for lite.

Eg trur vi hadde fått ein ryddigare debatt om nasjonalrekneskapen hadde behandla oljeressursane som formue og uttapping som omplassering. Eg er sjølv-sagt klar over at heller ikkje dette gir oss eit inntektsmål som fortel kor mykje vi kan konsumera utan at vi må forventast at realverdien av formuen går ned. Poenget mitt er ikkje at ei konsekvent bokføring ville gitt fasiten, men at inkonsekvent bokføring aukar forvirringa. Også det oljekorrigerste budsjettunderskottet er ei form for inkonsekvent bokføring der grunnrente blir blanda saman med inntekt av investert kapital og utgiftene til nye investeringar. Omgrepet var ein gong nyttig i diskusjonen av konjunkturpolitikken, men har forvirra diskusjonen av om vi sparer nok.

*Oljepengar er ikkje forskjellige frå andre pengar*

Når pengar blir brukt, er det ingen forskjell på oljepengar og andre pengar.



Asbjørn Rødseth er professor ved Universitetet i Oslo.



Derfor er det feil å spørja om vi bruker for mykje eller for lite av oljepengane. Spørsmålet er om vi alt i alt sparer nok. Permanentinntekta av oljeformuen er eit mål på kor mykje vi kan bruka per år utan at verdien av formuen går ned. Det er mange problem knytte til estimering av permanentinntekta, men dei har eg ikkje tenkt å gå inn på. Poenget mitt er at ein stor del av debatten om bruk av oljepengane er forvirrande fordi den har som implisitt og unemnd premiss at statsbudsjettet, korrigert for olje på den rette måten, burde vera i balanse. Men det er jo langt frå opplagt.

Det spørsmålet som journalistane burde stilla til dei bankøkonomane som har rekna ut at permanentinntekta av oljeformuen tilseier at vi kan bruka så og så mange milliardar meir, er dette: Når dei nå skal selja pensjonsforsikring, vil dei da seia at staten har så god økonomi at kundane kan stola på folketrygda?

Frå ein annan synsvinkel: Sett at det skulle vera rett at overskottet på statsbudsjettet overstig grunnrenta frå olje. Det er ikkje det same som at regjeringa nektar folk alle fordelar av oljeformuen. Utan olje kunne det godt vera at vi hadde hatt vesentleg mindre offentleg forbruk og vesentleg høgare skattar. Mange land utan olje har budsjettoverskott i dag.

#### *Kriteria for om finanspolitikken kan oppretthaldast*

Spørsmålet om staten bør spara meir eller mindre, blir ofte framstilt som eit spørsmål om den nåverande finanspolitikken kan oppretthaldast i det uendelege. Metoden for å svara er da i prinsippet grei. Først må ein bestemma seg for korleis ein skal definera ein konstant finanspolitikk i ei verd som stadig endrar seg. Så må ein framskriva konsekvensane av konstant politikk for inntekts- og utgiftspostane på statsbudsjettet. Så undersøker ein om kriteriet for om politikken kan oppretthaldast er oppfylt.

I langtidsprogram og nasjonalbudsjett har Finansdepartementet gjennomført to ulike testar på om finanspolitikken kan oppretthaldast, ein som byggjer på MSG-modellen og ein som byggjer på generasjonsrekneskapen.

I MSG-framskrivingane har konstant politikk gjerne vore definert som konstante skattesatsar, uendra standard og dekningsgrad for offentlege tenester pluss gjennomføring av vedtatte reformar, uendra trygdereglar og full G-regulering. MSG-modellen gir skattegrunnlag, prisar på offentleg konsum med vidare. Ein har så framskrive statleg formue (summen av nettofordringar og oljeformuen) over ein lang periode og sett på om formuen (eller gjelda) til slutt stabiliserer seg i forhold til BNP. Det siste er i faglitteraturen kjent som eit minstekrav for at finanspolitikken skal kunna oppretthaldast. Når realrenta er høgare enn vekstraten for økonomien, impliserer det at nåverdien av dei offentlege utgiftene skal vera mindre enn eller lik nåverdien av dei offentlege inntektene pluss den initiale formuen.

Når generasjonsrekneskapen blir brukt, så blir konstant politikk gjerne definert som at nettoskattane for kvart individ og kvar alder skal veksa i takt med produktiviteten. Ei justering blir gjort for modninga av folketrygda. Det offentlege konsumet per capita er føresetta å veksa i takt med produktiviteten. (Utgifter til utdanning er behandla som stønader). Framskrivinga av inntekter og utgifter er meir mekanisk enn ved bruk av MSG. Balanse i generasjonsrekneskapen impliserer at nåverdien av utgiftene er lik nåverdien av inntektene pluss den initiale formuen.

Ifølgje Nasjonalbudsjettet for 2001 indikerer begge metodane at finanspolitikken kan oppretthaldast på lang sikt. Finansdepartementet gjengir MSG-framskrivingar frå Holden-utvalet (NOU 2000:21, kapittel 6, referansealternativet). Summen av offentleg finansformue og oljeformue blir der stabilisert omkring år 2050 på same nivå som i dag. Finansdepartementet seier også at generasjonsrekneskapen er i langsiktig balanse, men er sparsam med bakgrunnsinformasjon om desse utrekningane<sup>1</sup>. Uansett indikerer begge utrekningane at ein politikk med mindre sparing ikkje kan oppretthaldast. Tala som ligg til grunn for konklusjonen kan sjølv sagt diskuteras, særleg oljeprisen. Kva anslag ein skal byggja på, er delvis avhengig av haldninga ein har til risiko.

Vi merkar oss at dei to metodane de-

finerer konstant politikk litt ulikt, men at politikken i begge tilfelle ser ut til å kunna oppretthaldast. Konstant politikk kan i prinsippet defineras på uendeleg mange måtar. Nokre definisjonar er meir interessante enn andre. Til sjuande og sist er det ei politisk oppgåve å spesifisera kva ein skal meina med konstant politikk. Det politikarane vil, kan jo dessutan nettopp vera å endra finanspolitikken over tid. Også da kan vi spørja om politikken lar seg gjennomføra i det lange løp. Den beste politikken kan gjerne vera ein politikk som ikkje er konstant verken etter den eine eller den andre definisjonen.

For den som vil, er det lov å definera konstant politikk som at skattar, trygder og offentleg forbruk skal veksa i takt med nasjonalproduktet, det vil seia at det såkalla primærunderskottet skal vera konstant i forhold til BNP. Bruker vi ein slik definisjon, og føreset at realrenta overstig vekstraten i økonomien, kan vi forenkla kriteriet for om politikken kan oppretthaldast. Kravet er da at primærunderskottet skal vera minst stort nok til å dekkja den delen av realrentene på gjelda som overstig vekstraten til økonomien. Når vi tar utgangspunkt i budsjettet slik det vanlegvis blir oppstilt, er dette ein uinteressant framgangsmåte i vårt tilfelle.

Det er mange grunnar for at budsjettbalansen det enkelte året ikkje er ein interessant indikator for om finanspolitikken kan oppretthaldast over tid. Ein viktig grunn er at olje ikkje er behandla som formue, ein annan den forventa veksten i pensjonsutgiftene. Ein tredje grunn er at forskjellar i produktivitsvekst mellom vareproduksjon og offentleg tenesteyting fører til at offentlege tenester gradvis blir relativt dyrare. Ein fjerde grunn er at overskottet det enkelte året kan vera sterkt påverka av konjunktursituasjonen. Da nedgangskonjunktoren i Sverige slo til ved starten av 1990-talet, blei budsjettbalansen der forverra med 17,6 prosent av BNP på tre år (OECD: Economic Outlook). Dette er ekstremt, men også

<sup>1</sup> Nasjonalbudsjettet inneheld også ei utrekning av eit korrigert budsjettunderskott der olje og pensjonsforplikingar er behandla som formue og gjeld. Slik eg les budsjettet er denne utrekninga berre brukt for å underbyggja at det er viktig å sjå på generasjonsrekneskapen og MSG-framskrivingane.

meir normale konjunkturar kan gi store korreksjonar. Det er ikkje nok å ta omsyn til såkalla automatiske stabilisatorar. Vi må også ta med dei utgiftene vi må rekna med som del av ein meir aktiv motkonjunkturpolitikk.

Både MSG-framskrivingane og generasjonsrekneskapan tar omsyn til olja og pensjonane på ein systematisk måte. Når dei i tillegg tar utgangspunkt i same konjunktursituasjon, er det kanskje ikkje så overraskande at dei kjem til same resultat. Tilsynelatande føreset MSG-framskrivingane mindre vekst i offentleg konsum enn generasjonsrekneskapan, men forskjellen blir likevel ikkje stor fordi MSG tar omsyn til relativ prisstigning på offentleg konsum.

### *Normer for offentlig sparing*

Ein ting er om finanspolitikken i dag kan vidareførast, ei anna sak er om han bør vidareførast. Bør generasjonsrekneskapan vera i balanse?

Grunnlaget for balanse i generasjonsrekneskapan som norm ser ut til å vera ein ide om at dette gir ei rettferdig fordeling mellom generasjonar. Når generasjonsrekneskapan for år  $t$  er i balanse, så er nåverdien av nettoskattane i prosent av nåverdien av inntekt før skatt den same for generasjonen født i  $t+1$  og alle seinare generasjonar som for generasjonen født i  $t$ . Alle seinare fødte får altså same netto skatteprosent over livsløpet som dei som nettopp er nyfødde. Dette er ei diskutabel norm av minst tre grunnar:

1. Kravet til sparing rettar seg ikkje mot det nyfødde barnet, men mot dei vaksne. Dei har gjennomlevd andre år med andre skattesatsar.
2. Økonomisk vekst fører til at inntektene stig. Det kan da argumenterast for at det er rettferdig at seinare generasjonar har ein høgare skatteprosent.
3. Når staten initialt har positiv formue, så skjerpar økonomisk vekst kravet til sparing nå for at generasjonsrekneskapan skal balansera.

Økonomisk velferdsteori gir ei viss støtte for at skattesatsar bør vera konstante over tid, i alle fall for vridande skattar. Grunnen er at dødvektstapet aukar meir enn proporsjonalt med

skattesatsane, slik at konstante skattesatsar gir minst effektivitetstap. Robert Barro har vist dette i ein modell for optimal skattlegging. I hans modell er alle etterfølgjande generasjonar knytta saman gjennom arv gitt ut frå ein bestemt form for omtanke for neste generasjon. Derfor vil alle statlege forsøk på å omfordela mellom generasjonane bli motverka av private overføringar i motsett retning. Spørsmålet om optimale budsjettunderskott og optimal statsgjeld er da eit reint effektivitetsspørsmål.

Ifølgje prognosane vil stønader til hushald som prosent av BNP auka med nesten 10 prosentpoeng dei neste 40 åra. Auken er jamt fordel og varig, ikkje ei bølge som går over. Utjamning av skattane tilseier at skattesatsane alt nå skal vera høge nok til å finansiera desse utgiftene. Ved å starta tidleg slepp vi unna med ein skatteauke som er ein god del mindre enn 10 prosent av BNP, men likevel stor nok til å tilseia ei formidabel statleg sparing nå. (Men hugs at dette er berre ein del av eit større reknestykke der også skatt av pensjonar må inngå).

Tankegangen i Barros modell tilseier også at vi skal halda på oljeformuen og spara ein del av rentene slik at formuen veks i takt med økonomien elles. Vi får større fordel av oljeformuen ved å dela den ut som ein mindre skattelette for all framtid i staden for som ein stor skattelette på kort tid. Tankegangen tilseier også at eit oljeland skal ha relativt stort offentlig konsum fordi skattekostnaden er mindre. (Dersom ein meiner at private oppnår større avkastning av formuen, kan det vera grunn til å dela han ut raskare).

I Barros modell er spørsmålet om rettferdig fordeling mellom generasjonane irrelevant. Dette spørsmålet har gjerne vore behandla med utgangspunkt i Ramseys klassiske vekstmodell. Eit rimeleg krav til ein velferdsfunksjon er at den stiller alle generasjonar likt, og at den har ein innebygd preferanse for utjamning mellom generasjonane. La oss gå ut frå at vi kan sjå på Norge som ein liten open økonomi som står overfor ei gitt rente, høgare enn raten for teknologisk framgang pluss folketilveksten. Preferansar for utjamning drar i retning av at staten bør overføra midlar frå seinare

til tidlegare generasjonar. I motsett retning drar at utsetting av konsum gir rente. Resultatet av ei optimalisering blir da at konsumet veks over tid. Men dersom preferansen for utjamning er sterk nok og realrenta ikkje for høg, vil veksten i konsumet vera mindre enn veksten i produksjonen. Det vil seia at produksjonsresultatet skal omfordelast i favør av nåverande generasjonar.

Sett at den internasjonale realrenta er konstant, at vi har sterke preferansar for utjamning, og at vi ventar eksponentiell vekst i produktiviteten til evig tid. Da tilseier optimal fordeling mellom generasjonane at forholdstallet mellom konsum og nasjonalprodukt til å begynna med skal vera større enn ein og at det skal avta mot null etter som tida går. Så godt som heile nasjonalproduktet vil etter kvart gå med til å betala renter. Alle land kan sjølv sagt ikkje føra ein slik politikk på ein gong. Det ville neppe gå for eitt land heller. Etter kvart ville jo freistinga til å la vera å betala renter og avdrag bli stor. Internasjonale kreditorar vil ikkje vera villige til å finansiera gjeldsoppbygginga. Dessutan ville vi setja framtidige generasjonar i ein svært risikabel posisjon dersom veksten skulle stoppa eller renta gå opp. Det kunne dessutan bli stor immigrasjon så lenge vi levde på kreditt, og stor emigrasjon når vi skulle betala rentene.

Ramsey-modellen gir oss altså ikkje utan vidare svaret på kva vi bør gjera. For det første avheng den optimale sparinga heilt av kor sterk preferansen for utjamning er. For det andre er modellen for enkel. I tillegg til dei problema som er nemnde over, vil det også vera problem med forsyning av skjerma gode når konsumet blir for stort i forhold til nasjonalproduktet.

Tankegangen bak modellen kan likevel gi rom for følgjande resonnement: Rettferdig fordeling tilseier omfordeling til fordel for tidlege generasjonar fordi dei er dei fattigaste. I praksis vil tilgangen på kreditt ikkje gi rom for ei så stor omfordeling som ein kunne ønskja. Funnet av oljeformuen flyttar denne skranken. Derfor bør oljeformuen brukast opp relativt fort.

Men det er viktige motforestillingar mot denne typen omfordeling. For det første er det litt paradoksalt at staten skal overføra frå framtidige genera-

sjonar når vi observerer at det går store private overføringar den andre vegen i form av arv og gåver. Kan ein slik statleg politikk da verkeleg vera i samsvar med preferansane til veljarane (og vil den verka)? Kva blir i tilfelle norma for *offentleg* sparing? For det andre, kan vi vera sikre på at dei som bur i Norge langt inn i framtida vil vera meir velståande enn oss? Kan vi vita om dei blir fleire eller færre enn oss? Vi risikerer å overføra i feil retning. For det tredje, vi kan ønskja ei overføring frå framtidige generasjonar, men har vi *rett til* å tvinga fram ei slik overføring? (Neste generasjon kan tenkjast å slå tilbake, ved for eksempel å nekta å honorera dei pensjonane vi har «forplikta» dei til å betala oss).

Det siste fører oss fram til spørsmålet om kven olja tilhører, Dei nålevande til fri bruk eller kollektivet av dei som bur i Norge nå eller i framtida? (Vi kunne også spurt om den tilhører heile verdssamfunnet). Ein analogi til andre institusjonar kan vera nyttig. Private universitet er gjerne organiserte som sjølveigande stiftingar. Eit forslag kunne vera å bruka kapitalen i slike stiftingar på dei som er medlemmer av universitetssamfunnet i dag, men eg er nokså sikker på at få ville godta det. Det er ganske vanleg at statuttane for stiftingar påbyr at grunnkapitalen skal oppretthaldast, og at berre avkastinga kan brukast år for år. Det kan vera gode grunnar for å overføra til staten prinsippet om at formuen tilhører inga bestemt gruppe, og at kvar generasjon berre er fri til å bruka avkastinga.

Praktisk bruk av eit slikt prinsipp reiser sjølvsagt ei rekke spørsmål om avgrensing og måling av det relevante formuesomgrepet og av avkastinga. Skal konsumkapitalen telja med? Skal pensjonsrettar telja som gjeld, og korleis skal dei verdsetjast? Men prinsippet har den fordel at det i liten grad er nødvendig å ta stilling til korleis framtida vil sjå ut.

Det er ein vesentleg forskjell på ei norm om å halda ved like formuen og ei norm om balanse i generasjonsrekneskapen. Balanse i generasjonsrekneskapen langs ein proporsjonal vekstbane krev at den offentlege formuen veks i takt med produksjonen i økonomien. Når formuen og produksjonsveksten er positiv, krev altså balanse i genera-

sjonsrekneskapen meir sparing enn det som skal til for å oppretthalde formuen. Dess høgare produktivitetsvekst, dess meir sparing trengst det. Generasjonsrekneskapen krev med andre ord at ein skal spara for framtida nettopp fordi folk i framtida blir rikare. Dersom formuen er negativ, blir forholdet snudd om. Da er det balanse i generasjonsrekneskapen som stiller minst krav til sparing.

Ein tredje variant er ei norm om å halda ved like formuen per capita. Det vil vera å leggja til grunn at alle personar nå og i framtida har like stor eigardel i formuen.

Dersom ein formulerer målet som å oppretthalda formuen, så er definisjon av formue også eit normativt spørsmål. Valet av definisjon påverkar fordelinga mellom generasjonane og kor lett det skal bli å halda stabile skattesatsar. Ved å ta med opptente pensjonsrettar som ein gjeldspost, oppnår ein at det blir lettare å jamna ut skattesatsane, men også at kravet til sparing dei nærmaste åra blir større.

I praksis kan det kanskje vera lettast å nærma seg konsensus om ei norm for offentlig sparing dersom ein først diskuterer kor mykje vi bør spara for kvart enkelt føremål enkeltvis og så summerer. For eksempel kan ein meina at vi bør ta vare på oljeformuen, men bruka heile permanentinntekta. Ein kan også meina at staten bør ha positiv sparing i høgkonjunktur, negativ i lågkonjunktur, og at i sum skal denne komponenten gå i null. Ein kan meina at stigande relativ pris på offentlig konsum er eit problem som framtida får ta seg av, og som ikkje bør løysast ved sparing. Så kan ein filosofera over det mest komplekse problemet, nemleg veksten i pensjonsutgiftene. Omsynet til utjamning av skattesatsane tilseier at vi skal spara også for dette føremålet. Men er sparing det beste svaret på stigande levealder? Alternativ kan vera høgare pensjonsalder eller redusert kompensasjonsgrad. Er sparing aleine det beste svaret på at pensjonane i gjennomsnitt blir høgare, eller er ein del av svaret at pensjonistane i framtida bør få meir skatt og færre rabattar? Pensjonssystemet har både til mål å hjelpa folk med å fordela inntekta over livsløpet og å hindra relativ fattigdom på eit gitt tidspunkt. Om produktiviteten stig, er

det vi eller dei som lever da som skal betala for å hindra relativ fattigdom i 2050? Så lenge vi ikkje treffer alternative tiltak, så bind vi framtida gjennom den oppteninga av pensjonsrettar som skjer, men kor sterkt? I kva grad kan nåverdien av opptente pensjonsrettar samanliknast med vanleg gjeld?

Konklusjonen min er at det er eit spørsmål om avveging mellom ulike interesser kor mykje det er ønskeleg å spara. Normativ økonomisk teori peiker heller ikkje ut bestemte løysingar som optimale. Det vil ikkje seia det same som at det er fritt fram for å bruka pengar i høgt tempo, men at motargument må visa til dei konkrete konsekvensane av rask pengebruk.

### *Omstillingskostnader*

Alle vil bruka meir oljepengar, spørsmålet er berre når. Dei som vil venta lengst, vil alt i alt bruka mest. Det siste langtidsprogrammet la opp til ein kraftig nedgang i primærunderskottet i offentlig forvaltning etter kvart som pensjonsutbetalingane aukar. Når nokon har foreslått å bruka 40 milliardar meir på ti år, er det uklart kor langt i forkant av langtidsprogrammet dei ligg.

Utanom den olja vi bruker sjølv, så kan olja berre brukast til å betala for import. Bruk av oljeinntekter for andre føremål krev at vi legg ned anna «valutaskapande» verksemd og flytter arbeidskrafta til produksjon av meir lokale varer og tenester. Ei slik omstilling har kostnader og tar tid. Vi må investera i nytt produksjonsutstyr, i marknadsføring, i opplæring og i kunnskap. Ein del av arbeidsstyrken vil bli ledig og kanskje pensjonert. Enkle overslag viser at oljeformuen i lengden ikkje er nok til å finansiera all import. Vi vil også i framtida ha bruk for andre valutaskapande næringer.

Omstilling er nødvendig om vi skal få full glede av oljeformuen. Det første spørsmålet er om summen av omstillingar blir større eller mindre om vi sparer meir. Problemet med rask bruk av formuen er at vi må ta omstillingane to gonger, først i retning skjerma sektor, så tilbake i retning konkurranseutsett sektor. Dersom produktivitetsveksten i begge sektorane er like

stor og alle inntektselastisitetar lik ein, så blir det minst omstillingar ved strategien som går ut på at formuen veks i takt med BNP. Behovet for å endra næringsstrukturen oppstår da berre ein gong, og nedgangen i konkurranseutsett sektor blir mindre enn ved raskare pengebruk.

I praksis er det fleire drivkrefter som vil endra næringsstrukturen i åra framover, blant anna forskjellar i inntektselastisitetar og produktivitetsvekst, aldning av befolkninga og reduksjonar i oljeinvesteringane. Nøyaktig kva tempo i bruken av oljeinntekter som vil gjera summen av omstillingar minst, er derfor eit komplisert reknestykke.

Omstillingskostnadene blir større når omstillinga skal gå raskt, og kan i visse tilfelle bli ekstremt store. Dersom ein vil trappa opp bruken av oljeformuen, er det derfor grunn til å gå fram gradvis.

Sett at produksjonskapasiteten innanlands er fullt utnytta. Så skal vi auka forbruket, enten offentleg eller privat. Heile forbruksauken må da til sjuande og sist komma som auka nettoimport. For at det skal skje, må prisane på norskproduserte varer og på norsk arbeidskraft opp slik at forbruket blir vridd mot meir import, og slik at norsk produksjon av varer som kan importrast blir mindre lønnsam. Vi må med andre ord ha ei reell appresiering. Norge må vera eit dyrt land ei stund. Men slik kan det ikkje halda fram for alltid. Før eller seinare må pris- og kostnadsnivået i Norge ned igjen for at dei konkurranseutsette næringane ikkje skal bli utraderte. Den første reelle appresieringa må altså følgjast av ei reell depresiering.

I modellar med fullt fleksible prisar og lønningar vil den reelle appresieringa skje som eit eingongshopp. Høg kapitalmobilitet medfører at i den etterfølgjande perioden med reell depresiering må realrenta vera høgare i Norge enn i utlandet. Opptrapping av bruken av oljeinntekter gir altså høg realrente i ein periode. Den høge realrenta er eit uttrykk for at vi får meir igjen for pengane om vi ventar med å bruka dei. Hushalda vil sannsynlegvis reagere på ei slik høg realrente med å spare meir. Det vil dempa dempa behovet for reell appresiering først. Omstillinga vil skje saktare, men til mindre kostnad. (Knut

Anton Mork la fram ein modell som illustrerer dette på eit seminar på Universitetet i Oslo i haust).

Eit poeng her er at også regjeringa har grunn til å reagere på ei høg realrente med å utsetja offentleg forbruk. Ein får lite igjen for ei for *rask* opptrapping av budsjetta fordi det vil ta tid å skaffa fram dei reelle ressursane som skal til. Slik offentleg forvaltning er organisert, kan ein ikkje ein gong garantera for at effekten av meir pengar alltid blir positiv på kort sikt. Ein annan grunn til å gå varsamt fram, kan vera at auken i realrenta har fordelingseffektar. Det same har det initiale prishoppet.

På same måte som privat sektor, så burde også offentleg sektor til ein viss grad reagere på den reelle appresieringa med å vri etterspørselen i retning importerte varer. Eit spørsmål er om offentleg sektor er organisert slik at dette skjer i den grad som ein kan ønskja.

I teoretiske modellar med fullt fleksible prisar og lønningar og rasjonelle forventningar er det pengepolitikken aleine som avgjer i kva grad endringane i den reelle valutakursen skal skje gjennom endringar i prisenivået eller den nominelle valutakursen. Det er altså ingen nødvendig samanheng mellom bruken av oljeinntekter og inflasjon under slike føresetnader.

